

Samandrag *Helgakviða Hundingsbana I*

Tala er strofenummer

1-8. Fødsel og oppvekst

Helge blir fødd, dramatisk naturbakgrunn. Nornene strekker lagnadstrådane hans under himmelen. Ramnar ser at han skal bli stor krigarkonge. Faren, Sigmund, kjem frå krigen og gjev Helge ein staseleg lauk [symbolsk scepter?], egedomar og eit sverd.

9-14. Tidleg krigarliv

Helge får seg krigarar, og 15 år gammal drep han kong Hunding (av ukjend grunn). Sønene til Hunding krev farsbot, men Helge drep dei i staden.

15-20. Møter valkyrja Sigrun Hognedotter

etter slaget mot Hundings-sønene. Helge bed valkyrjene med heim, men Sigrun seier ho er fest bort til den fæle kong Hødbrodd. Helge lovar slåst mot Hødbrodd for å fri henne ut.

21-56. Kampen mot Hødbrodd

21-31. Helge samlar kjempehær og kjempefløte og seglar i storm over havet til fienden

32-46. I (natur)hamna i fiendelandet blir det ei *senna* f. 'ritualisert utveksling av fornærming' mellom Helges bror Sinfjötle og Hødbrodd-mannen Gudmund. Skuldingane går ut på at ein gjer lågstatusarbeid, er kvinnfolk, er barbarisk / dyrisk, driv med trolldom, har drepe og ete brør sine, m.m., gjerne slike ting i blanding.

47-52. Hødbrodd blir varsla og mobiliserer.

53-54. Slaget

54-56. Sigrun fortel Helge at slaget er over fordi han har drepe Hødbrodd og at han dermed får henne òg.

Det er altså brukt svært stor plass på skildringa av fløtesamlinga og fornærmingsutvekslinga, og svært lite plass på slaget, når forteljinga endeleg kjem dit.

Eldar Heide

Bruk gjerne dette samandraget, men oppgjev kjelde: <http://eldar-heide.net/>